

Vår dato Vår referanse
30.1.2017 16/00229-5

Dykkar dato Dykkar referanse

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Saksbehandlar:
Helge Bang

Høyring – revisjon av arkivforskriften

Difi forvaltar fleire nøkkelløysingar i den digitale forvaltninga, til dømes ID-porten, Offentleg elektronisk postjournal (OEP), Digital postkasse til innbyggjar (DPI) og Kontakt- og reservasjonsregisteret (KRR). Difi vil her orientere om to utviklingsprosjekt som til dels vil inngå i/ha grenseflate mot arkivarbeidet i det offentlige, samt gi nokre merknader til høyringsforslaget.

Offentleg elektronisk postjournal – utvikling av ny løysing

Difi har ansvaret for å forvalte og administrere Offentlig elektronisk postjournal (OEP) på vegne av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). OEP er ei felleløysing for statlig sektor for publisering av elektronisk postjournal på Internett. Innbyggjarar som ønskjer innsyn i dokumenter kan søke om dette direkte gjennom OEP. OEP inneheld i dag opplysningar om ca. 17 millionar dokument frå rundt 120 statlige organ. Det blir lagt inn litt over 3 millionar nye postar kvar år, og årlig blir det sendt ca. 200 000 krav om innsyn gjennom OEP.

Det vart i 2015 vedtatt å utvikle ny løysing for OEP. Satsingsforslaget som ligg til grunn for oppdraget er basert på anbefalingar frå eit omfattande forprosjekt som vart gjennomført hausten 2014. Arbeidet er organisert som eit samarbeidsprosjekt mellom Difi og Oslo kommune, og ny løysing skal være klar den 1.1.2018.¹ Konkrete målsettingar i prosjektet er til dømes:

- Overføring av data frå offentleg journal i verksemdene sine produksjonssystem til ny OEP skal vere automatisert utan at ein går ned på krava til kvalitet og informasjonssikkerheit. Eksisterande manuelle rutinar for opplasting skal vekk, og forvaltninga vil spare tid og arbeid. Det vil også bli lagt til rette for meir automatisert kvalitetskontroll og kvalitetsheving av data. Dette vil kunne ta vekk tidstjuvar og ikkje minst legge grunnlag for betre tenester til brukarane
- Det vil bli lagt til rette for publisering av fulltekstdokument som er offentlege. Dette vil gjere innbyggjarane meir sjølvhjelpne. Når dokumenta er publisert, kan brukarane finne det dei treng utan å ta kontakt med verksemdene som har publisert data. Erfaringar frå

¹ Sjå heimesida <https://einnsyn.difi.no/>

kommunal og fylkeskommunal sektor viser stor nedgang i talet på krav om innsyn ved publisering av fulltekstdokument

- Det vil bli lagt til rette for eit rikare datasett. Journaldata saman med andre datasett kan gi ny informasjon og ny kunnskap. Når data er lenka saman kan ein få informasjon ved hjelp av spørjing i datasettet eller på tvers av datasett. Resultata kan brukast til å visualisere i til dømes kart, ein modell osv. I tillegg kan data presenterast i ein rapport eller ein statistikk. Data kan koplant med andre data i same sak, same sakstype, same geografiske område med meir
- Den nye løysinga vil kunne ta imot tilsvarande data frå kommunar og fylkeskommunar som ønsker dette

Utvikling av løysing for meldingsutveksling internt i forvaltninga

Difi utviklar ny referansearkitektur og løysing for meldingsutveksling internt i forvaltninga.² Løysinga består av eit felles generisk adresseregister som skal gjerast tilgjengelig for alle offentlege verksemdar, og eit integrasjonspunkt (ein komponent som køyrer ute hos den enkelte verksemd). Komponentene sender meldingar frå ei verksemd til integrasjonspunktet hos mottakarverksemda. I tillegg består løysinga av komponentar som gjer det mogleg for ein sentralforvaltar å til dømes sjå at meldingar kjem fram mv. Difi samarbeider med ulike verksemdar for pilotering av løysinga. Til dømes samarbeider Difi med NVE om gjennomføring av pilot der målet er å rulle ut ein produksjonsversjon av meldingsutveksling mellom offentlege verksemdar, samt identifisere og prøve ut nye bruksområder for den underliggende referansearkitekturen. Løysinga skal mellom anna bidra til betre etterleving av journalføringsplikta, samstundes som den vil ivareta tilstrekkelig informasjonstryggleik.

eInnsyn og meldingsutveksling, vil saman med FIKS-plattformen i kommunal sektor vere byggesteinar i ein framtidig digital infrastruktur for informasjonsutveksling og forvaltning som òg arbeidet med bevaring og forvaltning av arkivverdig informasjon må ta i bruk.

Merknader

Departementet har i høyringsnotatet bedt om høyringsinstansane sitt synspunkt på å erstatte detaljerte reglar med overordna og funksjonelle krav. Difi er positiv til at detaljerte reglar blir erstatta med overordna og funksjonelle krav. I den digitale kvardagen skjer endringar veldig fort - endring er regelen, ikkje unntaket. Difi meiner at regelverket må utformast på ein måte som ikkje hindrar framtidige digitale løysningar. Regelverket må ta utgangspunkt i dette og legge opp til at det kan være ein heildigital teneste frå arkivskapning til avlevering. Eit regelverk med for stor grad av standardisering og detaljstyring i retning av ein bestemt prosess, kan fort bli utfordra av digitalisering som dreg i mange ulike retningar samstundes. Den same føringa, om å erstatte detaljerte reglar med overordna og funksjonelle krav, bør derfor også leggast til grunn ved revisjon av Riksarkivarens forskrift så langt mogleg. Det kan i den samanheng også være grunn til å stille spørsmål ved om eventuelle behov for detaljregulering kan løysast med andre verkemiddel i staden for forskrift, til dømes ved rundskriv.

² Sjå <https://www.difi.no/rapport/2015/03/losning-meldingsutveksling-i-offentlig-sektor>

Departementet har også bedt om høringsinstansane sitt synspunkt på om det er ønskjeleg at det blir opna for skylagring, og om departementets forslag vil være formålstenleg. Digital agenda legg opp til at skybaserte tenester skal vurderast på lik linje med andre løysningar. Etter Difi si meining kan det godt opnast for skylagring også for lagring av arkiv. Det som er sentralt er eit aktivt forhold til informasjonssikkerheit, uavhengig av om ein har skybaserte eller lokale instansar av arkiv og arkivfunksjonar.

Endringa i forskrifta er eit steg i rett retning, men det er kanskje grunn til å stille spørsmål ved om ein bør legge opp til eit klarare skilje mellom kva som er reglar for digitalt skapt materiale, og kva som gjeld fysisk arkivmateriale. Dette blir til dømes synleg i krav til arkivlokale (§7), som er fornuftig når ein har lokalt arkiv for oppbevaring av fysisk arkivmateriale, men vanskelig å etterleve for ei skytjeneste der ein ikkje har noko relasjon til konkrete lokale. Eit anna døme er periodisering. I ein digital (sky) basert verden er ikkje plass, orden eller struktur på store mengder data ei utfordring. Tvert om så er store mengder data grunnlaget for mange nye tenester.

Arbeidet med arkiv og informasjonsbevaring bør sjåast på som del av ei samla digitalisering av offentleg sektor. I den samanheng kan det stillast spørsmål ved om fleire aktørar bør involverast og spele nye roller i dette arbeidet. Difi ser derfor positivt på at KMD og KUD samarbeider for å sjå på om førstnemnte kan ta større ansvar på dette området.

Venleg helsing
for Difi

Grete Orderud
avdelingsdirektør

Helge Bang
seksjonssjef

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.